

## **2024 – seminar**

09.06.19 kl. 13.30 – 15.30

Amfisalen, Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS

Foredrag ved Jørn Øyrehaugen Sunde, professor ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen.

Kulturelt program v/Kantor Øystein Lund Olafsen og Vokalgruppa Kling.

Møteleiar Svein Arne Theodorsen.

### **Tema: Olav Den Heilage som lovgjevar**

I Landslova av 1274 vert det vist til Heilage Olavs lover som sjølve grunnlaget for norsk rett som Magnus Lagabøter bygde vidare på.

Snorre Sturlason skriv i Olav den Heilages saga: «Han gjorde om lovene etter råd av de kyndigste menn, og tok ut og la til det han syntes trengtes. Kristenretten satte han med råd og hjelp fra biskop Grimkjell og de andre prestene, og han la all makt på å avskaffe hedenskap og gamle sedvaner, som han mente var imot kristendommen. Til slutt samtykket bøndene i de lovene kongen satte.»

Her viser Snorre til det som i ettertid er kjent som kristenretten på Moster frå 1024. Den var ei samling reglar for korleis ein kristen skulle leva, og korleis eit kristen samfunn skulle organiserast, som innleiar Den eldre Gulatingslova.

Men det kan sjå ut som om Snorre meiner kristenretten berre var ein del av eit større lovarbeid. Kan det vera at Snorre har rett, og at Heilage Olavs lover var meir omfattande enn vi lenge har trudd? Hadde Magnus Lagabøter rett i at han bygde vidare på ein lovgjevingstradisjon som vart etablert alt med helgenkongen?

Påmelding – sjå vedlagde plakat